

UNIN^ETT

Nyhetsbulletin

Nr 3 1995

Informasjonsutveksling

UNINETT tilbyr mange tenester for informasjonsutveksling og gjenfinning. Disse tenestene blir først nyttige når dei får eit innhald. Dette innhaldet kan du som brukar ha innverknad på.

Informasjonstenester kan ikkje eksistera lausrive frå dei andre tenestene i nettet. Først og fremst er elektronisk post viktig for kommunikasjon mellom menneske i samspel med informasjonstenestene.

UNINETT er til for forskning og utdanning, desse områda krev begge aktiv deltaking. UNINETT skal vera til for utveksling av idear og informasjon, slik at brukarane (forskarar, lærarar, studentar og elevar) kan vera aktive deltakarar. Forsking og utdanning har ei plikt til å dela kunnskap både innan akademisk sektor og ut til folket. Nye informasjonstenester gjer dette lettare enn nokon gong før.

Ein forskar som fell ned i konsument-rollen er ikkje lenger forskar. Ein forskar som ikkje aktivt formidler sine forskingsresultat er ikkje til beste for samfunnet. Forsking handlar om kunnskap, kunnskap er noko som veks når han spreier seg. For at kunnskap skal kunna spreia seg, må ein ha informasjonsformidling.

Norsk informasjon er viktig, spesielt no når skulane knytter seg til Internet (sitat IT-planen for utdanning: De internasjonale datanettene preges av engelskspråklig informasjon. Fra et nasjonalt synspunkt er det viktig at norsk språk, både bokmål og nynorsk, norsk litteratur, norske faglige bidrag i større grad blir tilgjengelig på datanettene). Heimemarknaden blir stadig større, for Ola Nordmann er norsk informasjon viktigast.

Det viktigaste er ikkje kvalitetsinformasjon eller ikkje kvalitetsinformasjon, det viktigaste er at alle brukarar skal kunna utveksla informasjon. Det som er lite viktig for ein person, kan vera gull verd for ein annan. Du skal ha høve til sjølv å velja ut kva som er viktig å dela med andre.

Alle brukarar av UNINETT skal som aktive samfunnsdeltakarar vera i stand til å utveksla informasjon. Berre når dette er tilfelle vil UNINETT fylla si oppgåve innan forskning og utdanning. Dersom brukarane blir passive konsumentar har UNINETT feila i å teknisk leggja til rette for informasjonsutveksling.

Ta i bruk informasjonstenestene, både for å finna ting du har bruk for og for å dela din kunnskap med andre. Legg gjerne ut informasjon om ditt fagområde eller din hobby eller andre ting som kan vera nyttige (eller unyttige, det avgjer du sjølv) for andre på Internet.

Innhald

Dette nummeret av UNINyTT omhandlar informasjonstenester, med særleg vekt på web. I tillegg finn du ein presentasjon av UNINETT støttesenter for sanntids multimedia for PC/Mac, og ein artikkel om ISOC-Norge.

UNINETTs webindekseringsprosjekt for indeksering og søking i norsk informasjon blir presentert.

- 1: Informasjonsutveksling**
- 2: UNINETTINFO, slik informerer UNINETT**
- 2: KVASIR**
- 3: Webindeksering**
- 3: Publisering på web**
- 4: ISOC-Norge**
- 5: FYI-serien på web**
- 6: Multimedia-senter for PC/Mac**
- 8: Folkeskikk og lover**
- 8: UNINETT kundesenter, ISDN og tilleggstenester**

Utgiver av UNINyTT er
UNINETTs sekretariat
Postboks 6883 Elgeseter
7002 Trondheim
Redaktør: Ingrid Melve
Telefon: 73 59 65 02
Epost: uninytt@uninett.no

Redaktørhjørnet

ISOC Norge er eit nystarta forum for Internet i Norge, i UNINyTT finn du den same presentasjonen som andre medlem av ISOC internasjonalt får tilsendt. Internet i Norge treng engasjerte brukarar som kan påverka og leggja premissar for den vidare utviklinga.

Dei etiske sidene ved bruk av Internet må drøftast, vi må finna fram til regelverk som ikkje hemmar utvikling av nye tenester eller bruk av tenester, samstundes som kriminelle ikkje får tura fram som dei vil. Denne balansegangen er spesielt viktig sidan ein må rekna med at lover kjem på plass lenge etter den teknologiske utviklinga har flytta grenser for kva som er råd å gjera.

Det er gledeleg med alle dei forskarar, lærarar, studantar og elevar som legg ut informasjon på norsk (eller andre språk) på Internet. WWW-indekseringsprosjektet er i ein pilotfase der vi prøver ut tenesta, men det er godt håp om at denne tenesta vil gjera det lettare å finna fram i webkaoset. Kaos har den gode sida at det inspirerer til kreativitet og skaparevne, og dette kjem heile Internet samfunnet til gode.

UNINETTINFO

UNINETTINFO er no flytta til web, og gophertenaren, ftp-tenaren og e-posttenaren er lagt ned. Vedlikehald av informasjon vil berre skje på web.

Omlagging kjem som eit resultat av utviklinga mot hyper tekstbaserte system. Vi har i det siste sett ein markert nedgang av bruken av gopher og ftp mot UNINETTINFO, medan web-versjonen blir stadig meir populær.

UNINETT har lagt ut informasjon om tenestene, organisasjonen UNINETT og peikarar til gode tenester. Informasjonstenaren er basert på prinsippet om at den som skal ha informasjon må koma og henta informasjonen sjølv.

Tenestene i UNINETT omfattar både driftstenester og pilottenester, du finn mest informasjon om driftstenestene som e-post, katalog, news, veronica, web, gopher og andre stabile tenester.

UNINETTINFO finn du på

<URL:http://www.uninett.no/info/>

eller ved å velja *Informasjon fra UNINETT* på toppnivå i UNINETT sin webtenar.

UNINETT'95

Konferansen UNINETT'95 finn stad i Trondheim 28. og 29. november, og blir arrangert i samarbeid med IT-avdelinga ved Universitetet i Trondheim. Påmeldingsskjema og meir opplysningar om konferansen finn du på

<URL:http://www.uninett.no/info/uninett95/>

Programmet er lagt ut same stad. Konferansen vil bli kringskasta via MBone og CUSeeMe over Internet.

UNINETT presenterer tenester hjå andre:

KVASIR

Oslonett tilbyr Internet-Norge ei teneste for emnevis registrering av web-sider. Kvasir har fått æra av å starta vår serie om andre Internet-leverandørar sine tenester. Dette er ikkje tilfeldig, Kvasir er eit av dei beste hjelpe-midla til å finna informasjon på web i Norden.

Kva er Kvasir?

Kvase var i norrøn mytologi ein mann som var så klok at han kunne svar på alt han blei spurd om (dette fordi han var skapt av spytt frå vaner og æser). I våre dagar er Kvasir ein katalog over norsk og nordiske webressursar (og kan neppe svara på riktig alt, men hjelper deg eit godt stykke på veg).

Kvifor treng vi ein emnevis ordna katalog?

Web er som ei spindelweb, det kan vera lett å bli hengande fast. Web er framleis nokså kaotisk og uorganisert, på godt og vondt, dette gjer det vanskeleg å finna fram til informasjon.

Ein emnevis ordna katalog er både eit utgangspunkt for vidare leiting og ein tryggleik for at den informasjonen du finn er av god kvalitet.

Ein viktig poeng er at ein emnevis katalog er lett å bruka, og søkemekanismar for norsk informasjon (med æ, ø og å) har mangla (sjå side 3 for meir informasjon om dette) eller hatt store manglar i implementasjonane.

Kvasir er godt tilrettelagd med søking internt i alle registrerte ressursar, dette gjer det enkelt å finna fram til ting der ein ikkje er sikker på kva emne det er registrert under.

Kvar finn du Kvasir?

Du finn Kvasir på

<URL:http://kvasir.oslonett.no/kvasir/>

Du kan enkelt registrera informasjon som er interessant for andre i Kvasir, sjå instruksjonar i Kvasir. Registrering er open for alle, men redaksjonen har høve til å nekta registrering.

Kva kan du registrera i Kvasir?

Du kan registrera kva som helst i Kvasir, men Oslonett tar atterhald om at lovstridige ressursar ikkje vil bli lagt inn.

Den viktigaste kvalitetssikringa er at ressursen eksisterer og kan brukast over Internet.

Hugs at dersom du registrerer ein ressurs bør du ta ansvar for å oppdatere registreringa dersom det skjer endringar eller ressursen blir fjerna. Dersom du registrerer ting i Kvasir for andre, bør opphavsmannen/institusjonen vera klar over kva du gjer.

Kvasir er ein emnevis ordna katalog, difor får du størst utbytte av registrering dersom det du registrerer er emnevis ordna.

Oslonett

Oslonett er ein av dei leiande norske Internetleverandørane, grunnlagd med kompetanse frå universitets- og forskingsmiljøet i Oslo.

WWW-Indeksering

Hvordan finner edderkoppene veien rundt spindelvevet

Jeremy Cook, Para//ab

Kanskje har du noe informasjon du synes er interessant og derfor vil gjøre tilgjengelig på web. Eller du har sett en webside som var nyttig for deg, men glemte hvor den var. Eller du er rett og slett på jakt etter ny informasjon. I alle disse tilfellene er det ønskelig å søke etter nøkkelord eller gjøre egen tekst tilgjengelig for søking.

Det finnes en rekke programpakker som kan brukes for indeksering av egne og andres websider. Du har kanskje allerede brukt

Lycos, <URL: <http://lycos.cs.cmu.edu/>>,
 Jump station, <URL: <http://js.stir.ac.uk/jsbin/js>>
 WWWorm, <URL: <http://www.cs.colorado.edu/home/mcbryan/WWW.html>>

eller noe annet. Disse tilbyr en global indeksering av web-tjenere. Harvest er den programpakken som er valgt i UNINETT's indekseringsprosjekt. Harvest gir en mer lokal indeksering, site for site, men det er Harvest sine mange egenskaper som gjør at den ble valgt for dette prosjektet.

- Harvest er tilgjengelig som "Public Domain" programvare.
- Harvest tillater at websites kan utveksle søkedatabaser mellom tjenere.
- Harvest har en konfigurert søkemekanisme.

Hovedmålene i prosjektet er:

- Tillate søking og indeksering av norsk tekst - ta hensyn til æ ø å!
- Returnere søkeresultat på norsk.
- Indeksere eller utveksle søkedatabaser for de fleste websites i Norge.

- Gi mulighet for registrering av forskjellige sites for indeksering.
- Klassifisere dokumentene og returnere kun norske dokumenter om ønskelig.

Fra 1. oktober er UNINETT's WWW indeksering tilgjengelig for alle på:

<URL: <http://wwwindeks.uninett.no/wwwindeks/>>

Fra indeks-siden kan man finne frem til hovedsøkesiden og andre sider for registrering av egne Harvesttjenere. Tanken er at også andre interesserte selv kan kjøre Harvest-indeksering av egne WWWsider og så registrere at de har en søkedatabase som kan utveksles med UNINETT sin. På sikt kommer vi til å legge ut informasjon om hvordan man kan starte egen Harvest indeksering og hvordan programvaren er anbefalt konfigurert.

Når det gjelder registrering av egne toppnivå sider for indeksering eller egne Harvest søkedatabaser, tilbyr vi følgende muligheter.

- Registrering av egen Harvest-tjener som kan utveksle informasjon med andre Harvest-tjenere.
- Registrering av egne toppnivåsider som skal søkes fra UNINETT's Harvest tjener.

Andre sites vil, der det er mulig, bli indeksert på "half hearted" vis. Dvs. at vi kan søke etter index.html, eller welcome.html.

Vi håper at denne tjenesten vil være til nytte for norske Internet-brukere og at den kan være til hjelp for å finne den informasjon brukerne er ute etter.

Alle feilmeldinger og henvendelser om bruk av systemet, sendes per email til wwwindeks-hjelp@uninett.no.

Publisering på web

Dei fleste institusjonar har ein webtenar eller kompetanse til å setja opp ein webtenar. Alle som har tilknytning til UNINETT over faste linjer, kan setja opp webtenar lokalt. Institusjonar som har oppringt tilknytning kan ta kontakt med UNINETT kundesenter for plass på UNINETT webtenar, adresse finn du på siste side av UNINyTT.

Verktøy for å produsera HTML:

1. Filter frå teksthandsamingsverktøy (t.d. frå Word)
2. Spesiell HTML-programvare
3. Skrivning av HTML direkte i ditt normale tekstverktøy

Stadig fleire teksthandsamingsverktøy kjem med ferdiginstallerte filter til HTML, men du kan og skriva HTML

direkte eller bruka eit av dei mange freeware eller shareware konverteringsprogramma. Ei anna løysing er editorar som er laga for HTML, desse finn du både for PC, Mac og UNIX.

Eit godt utgangspunkt er UNINETT's WWW-prosjekt på

<URL: <http://www.service.uit.no/uninett/w3.html>>

under programvare finn du verktøy for HTML-produksjon.

Ei god norsk innføring i kunsten å laga HTML-dokument finn du på


<URL: <http://www.dsl.unit.no/unit.www/html-doc/>>

produsert av IT-avdelinga ved Universitet i Trondheim. Dei fleste litt større institusjonar har laga rettleiingar for tilsette og studentar. HTML er ingen heksekunst!

Internet Society Chapter Norway

Børre Ludvigsen

It is often said that the recent explosive growth of the Internet is primarily because of content interest. The appeal and usefulness of the information content has outstripped the rather narrow attraction of specialized data communications traditionally associated with the net. While correct in terms of public popularity, this belies the truth with respect to social impact.



Figur: The Nobel Peace Prize ceremony of 1995 was broadcast on the Internet.

Tracing the origins of the Internet in this country, it turns out that Norway was the first non-english speaking country on the net. It also turns out that the reason for getting Norway on to the net was a highly laudable cause. In 1971, NORSAR (NORwegian Seismic ARray) at Kjeller just outside Oslo was connected to the Seismic Data Analysis Center (SDAC) in Virginia with a fixed, 2.4Kbits line. NORSAR and SDAC were financed by DARPA (US Defence Advanced Research Projects Agency) for the purpose of monitoring the early nuclear test-ban treaties, the Norwegian array being ideally situated close to the Soviet test sites on Novaja Zemlja in the Arctic.

Technically, bandwidth improved very quickly through the 70's and efforts to get Norway on to the ARPANET were under way in the middle of the decade. By the middle 80's the universities were on the Internet and by 1993 UNINETT (the Norwegian academic and research network) had connected all publicly funded Norwegian colleges into the national backbone with fixed lines of 64Kbits minimum bandwidth.

In terms of content, it is interesting (and no little matter of pride) the very first introduction of the net to this country should be in the cause of peace. That use of the net has continued throughout its history in Norway. Recent developments include Oslo University's project for networking the Baltic states, UNINETT involvement in academic networking in Africa and participation in academic networking in the Middle East.

Like most other European countries, Norway has a PTT monopoly (Telenor) which is under dismantling as part of our trade agreements with the European Union. The poli-

tical reason for the single national carrier was to provide equal services in all parts of the country. While living up to the image of an intransigent bureaucracy during the post-war years, great effort was put into providing high quality infrastructure all over the country, largely fulfilling parliament's aims. At present, virtually all areas of dense population have ISDN coverage. The telephone net is of excellent quality giving capacities restricted only by standard serial modem technology. And restrictions on fixed, high capacity lines is basically one of pricing practices in a monopoly situation. Recent developments in European easing of restrictions on cable TV networks as telecommunications carriers and the inevitable dismantling of the monopolies by 1998, has the pressure building on expectations of cheap, widely available high speed networking.

While 1994 may arguably have been *the year of the net* in the US, 1995 certainly has seen the Internet move into the private sector in a big way in Norway. In terms of population, this country has had the highest concentration of Internet connectivity in the world. With a population of 4.3 million, Norway has a total of 1000 top-level domains serving approximately 73 000 machines. Which is about 17 machines pr 1000 population. At the end of 1993, Win Treese's survey "Internet Index" ranked Norway on top with 5 machines per 1000. The distribution is 200 domains with 57 000 machines in education and research (UNINETT), 800 domains and 14 000 machines in the commercial sector. With an increasing number of dial-up connections both from the schools sector into UNINETT and from commercial customers, especially private users, these figures are ever more difficult to get accurate.

The single most important reason for the great popularity of the net in Norway has been the proliferation of information accessible through the World-Wide Web interface. With the increasing use of the net both at educational institutions and in the private sector, specially in homes - come the inevitable controversies over information content. The growth of commercial providers has been allowed to increase over the last 2 years or so without comment or intervention by the government. In fact, during the autumn of 1994, during the most intense period of commercial innovation on the net, government, both local and central were blissfully ignorant of the net. While they were frantically trying to convince the country to vote for joining the European Union in the referendum of November 28, the pros and cons were quietly being debated on the net, which also published the results as they came in. Now that the official period of mourning over being rebuffed at the polls seems to be over, a government commission on information technology has been set up, headed by the prime minister herself.

While government attention was elsewhere, it was left up to individual ministers to fend off demands for censorship of questionable newsgroups and what the press happily played around with as subversive and undermining information on the net. Now that broadcasters, publishers, the PTT and even the government itself have established their presence on the net, either by buying into existing providers or building their own services, the sensationalism has

mostly died down.

At the end of October 1994, UNINETT arranged its second annual conference. One of the main aims of the conference was to reach both private and public sectors with the message that the Internet was primarily a mutually beneficial medium for communications and source of information for both groups. While attendance was encouraging at somewhat over capacity, representatives of government, media and business were conspicuously absent - worrying about a bleak future outside Europe no doubt. At the same time, the media were in a breathless frenzy over the moral iniquities of the networks. In the follow up to the conference UNINETT introduced the idea of a national Internet conference with the aim of covering the needs of all sectors of Norwegian society. After discussing the matter on the net a group of 9 persons with various interests in the future of the net met the following winter in Oslo to discuss the viability of an Internet Society chapter in Norway.

On April 4 this year, ISOC Norway was formed. A provisional board of trustees was elected to be replaced at the first regular annual general meeting. The board, which is chaired by Pål Spilling - one of the Internet pioneers in Norway, has representatives of both public and private sectors, including local government, Internet providers and the academic research networks. The board members areas of interest span from the purely technical to the more throny aspects of informational content.

The chapter has formulated an agenda of goals and purposes;

ISOC Norway shall:

- Work in the interest of network users by:
 - Participating in the development of an internet that ensures open and equal access for users and providers, and regulations that safeguard personal rights.
 - Create a forum for cooperation between users.
 - Support users interests with respect to net-operators and service providers.
 - Support and participate in training for network use, establishing information services and general Internet use.
 - Support and participate in the development and implementation of rules of ethics and responsibility in use of the net.
- Encourage and participate in the development of standards for a common data network for Norwegian institutions and organizations, which should appear simpler and more utilitarian for users.
- Maintain Norwegian interests and participation in a common global Internet.

As we see the net move from overwhelmingly text-based messaging to a mixed format medium, the pervasiveness of information content becomes ever stronger. In addition to a national Mbone infrastructure, UNINETT has established a support service for PC-base video-conferencing

systems. This is an effort to encourage the introduction of distance-learning and conference systems in the education and research community. It also supports regular broadcasts of scientific and general interest with CU-SeeMe.

When the Nobel Foundation was founded by a clause in Alfred Nobel's will 100 years ago this year, it was left to a committee appointed by the Norwegian parliament to award the prize for peace. In the year that the Internet made its lasting presence felt in Norway, it is only fitting that the prize presentation ceremony in Oslo should have been broadcast on the Internet just as the signing of the Oslo II agreement is being broadcast as this is being written.



Figur: The signing of Oslo II agreement ceremony in Washington was broadcast on the Internet from Norway.

ISOC Norway has been established to ensure that the qualities of the Internet both technical and of content which continue to be so intimately tied to its traditional presence in Norway, shall remain high.

FYI

For Your Information er ein underserie av RFC (Request For Comment). Desse dokumenta skal gje Internetbrukarar nyttig informasjon. Heile FYI-serien er konvertert til HTML og lagt ut på web, du finn dei på

<URL:<http://www.isi.edu/in-notes/fyi/fyi-index.html>>

Bakgrunnen for denne serien er å gje Internetbrukarar eit sentralt dokumentlager om emne relatert til Internet. Dokumenta spenner frå historiske utgreiingar om kvifor ting blei slik dei blei, til svar på vanlege spørsmål i samband med drift.

FYI-serien er laga for eit breitt publikum, enkelte FYIar er retta mot nybyrjarar (t.d. FYI4, Questions and Answers - Answers to commonly asked *New Internet User Questions*), andre tar for seg teknisk avanserte spørsmål.

Kven som helst som har noko å dela med andre Internetbrukarar kan koma med framlegg til (og skriva) ein FYI. Sjå FYI-serien for meir informasjon.

Sanntids multimedia-kommunikasjon i UNINETT

Halvor Kise, Høgskolen i Østfold, Halvor.Kise@hiof.no


UNINETT's sanntids multimediaaktivitet har fått et nytt skudd på stammen. Et støttesenter for personlige datamaskiner ble startet i midten av juni. Støttesenteret var i full drift 1. september og skal hjelpe UNINETT's brukere med veiledning i bruk av PC-basert sanntidskommunikasjon som video, tale og samarbeidsomgivelser.

Historien

Det startet med at Avdeling for Informatikk og Automatisering ved Høgskolen i Østfold begynte å bruke CU-SeeMe aktivt like etter den første versjonen kom ut høsten 1993. CU-SeeMe er et videokonferanseverktøy for PC og Mac og er for øyeblikket det eneste konferanseverktøyet hvor det er mulig å kommunisere med både bilde og lyd mellom disse plattformene. Som en del av arrangementet av UNINETT'94 konferansen stod avdelingen for kringkasting av sesjoner med CU-SeeMe, og våren '95 ble det gjennomført et studentprosjekt i 3. års multimediaspesialiseringen. Prosjektet bestod i å lage en norsk hjemmeside for CU-SeeMe brukere. Som en del av prosjektet skulle man dokumentere en del muligheter og begrensninger med CU-SeeMe samt å undersøke tjenester som kunne tilbys med hjelp av CU-SeeMe. Integrering mellom CU-SeeMe og MBONE var også en del av prosjektet. HiØ har hatt egen reflektor igang siden høsten 1993. Dermed kunne noen erfaringer legges til grunn for en støtteaktivitet for miljøer utenfor selve skolen.



Figur: <URL:http://nrk.hiof.no/>



Figur: Bilder fra STS-59 romfergen "Endeavour" i april '94. Til venstre etter landing og til høyre Payload Commander Linda M. Godwin i interview med fjernsynsseere fra rommet.

I februar '95 ble det første Radionettprogrammet (NRK P2) sendt med CU-SeeMe samtidig som det gikk ut på lufta. Programmet brukes til å sende lyden mens videobildet er en plakat. Radionettet er egentlig et Internettprogram med "sendinger" hele døgnet i form av tidligere program og bakgrunnsstoff, sanntidssendinger hver torsdag kveld både på nettet og i radio.

Kringkasting

Like etter den første versjonen ble sluppet ut, ble CU-SeeMe brukt til å kringkaste på nettet. I mai '94 kunne brukere over hele verden se på en total solformørkelse som viste seg bare over USA. Selv sto HiØ for sending av Lillehammer OL i '94 og fredsprisutdelingen tidligere i år.

Høgskolen i Østfold kringkaster NASA-TV fast på reflektoren kark.hiof.no (158.36.33.5). Disse sendingene kom igang i samarbeid med NASA i april '94 og har gått døgnet rundt siden det. Størst interesse knytter det seg selvfølgelig til romfergene når de er oppe, spesielt direkteendingene fra rommet. Høgskolen i Østfold tok kontakt med NASA Lewis Research Center, som sendte NASA-TV og spurte om det var mulig å få sendt NASA-TV til vår reflektor. Den norske NASA-TV-reflektoren ble da den første reflektoren utenfor USA som kontinuerlig sendte video fra NASA. Siden har dette vokst til å bli et nettverk av reflektorer og pga. båndbredde begrensninger får vi nå videoen fra Lund universitetet i Sverige i det avdelingen påtok seg å ta andre kringkastningsprosjekter.

Støttesenteret har kringkastet flere internasjonale begivenheter ved å konfigurere reflektorer og reflektornett. Slik aktivitet består i å veilede teknisk arrangør for konferansen i hvordan å kunne levere et videosignal til primær reflektor og sette opp denne for videresending på nettet. Som oftest består utfordringene i å konfigurere nettet av reflektorer på en så effektiv måte som mulig for å konservere båndbredden. Samtidig så har det vært ønskelig å få en så god dekning som mulig og for INET'95 konferansen besto nettet av 11 reflektorer.

UNINETT'95 konferansen vil bli kringkastet over CU-SeeMe fra Trondheim fra 27. til 28. november.

Problemer med privat kringkasting

Med nye medier følger både fordeler og ulemper. Slik er det også med telekonferanseverktøyene. Med muligheten for å kunne sende fra en PC hvor som helst oppstår lett vanskeligheter med innholdets karakter i forhold til mottakergruppene. Når brukere oppfører seg krenkende på åpne konferansegrupper enten det ved bilder, tale eller tekst, blir de umiddelbart utestengt og deres internettleverandør varslet. De fleste

systemoperatører er samarbeidsvillige og anstrenger seg for å finne slike brukere. Klager fremmes bilagt skjerm-dump eller tekstutskrifter som er fanget opp ved støttesenteret, og de utestengte domeneene blir åpnet så snart systemansvarlig varsler at vedkommende bruker er fratatt sin konto eller på annen måte utestengt lokalt. Ettersom reflektorer ofte er sammenbundet og sender video til hverandre gjensidig må reflektoradministratorer i større grad samarbeide med å utelukke eller begrense enkelte uønskede domener.

Global Schoolhouse

Global Schoolhouse er et godt eksempel på PC-basert sanntidskommunikasjon. Mange vil sikkert huske Yvonne Andres, leder av Global Schoolhouse. Det var hun som holdt avslutningsforedraget på UNINETT'94. Prosjektet startet med at noen lærere i 1985 koblet sine elever i San Diego til noen andre elever på østkysten. Det utviklet seg videre til at Global Schoolhouse startet i 1992 med støtte fra National Science Foundation. Global Schoolhouse hjelper nå barneskoler med å komme på internettet og lærer dem å bruke programmer for å komme i kontakt med mennesker over hele verden. Mye av kommunikasjonen mellom Global Schoolhouse skoler baserer seg på bruk av CU-SeeMe, email, talk, og andre kommunikasjonsprogram.



Figur: Skolebarn i samtale med National Science Foundation.

Eksempelvis får barna som oppgave å foreta enkle spørreundersøkelser ol. som en del av undervisningen. Global Schoolhouse mener at det er viktig at barna i en ung alder blir vant til de nye mediene som man må forholde seg til resten av livet.



På denne måten har skoleungdom vært i kontakt med kjente politikere, forskere, forfattere og verdensledere. Noen av dem man har kunnet møte med CU-SeeMe er Dr. C. Everett Koop (omdiskutert amerikansk helsedirektør)

og Mitch Kapor (kjent grunnlegger og styremedlem av EFF).



Det finnes for øyeblikket ikke noen norske skoler som er med på dette prosjektet, derimot finnes det deltagere fra Sverige.

Støttesenterets oppgaver

Støttesenteret skal utvikle og drive infrastruktur for effektive og rasjonelle anvendelser av egnede sanntids multimedia kommunikasjonsprogram for PC-maskiner. Det skal også tilrettelegge og formidle informasjon om sanntids multimedia for brukerne. Målgruppen her er i første omgang UNINETT's kunder og brukere men det vil også ta imot henvendelser fra andre om ressursene strekker til.

Støttesenteret skal kunne bistå med å sette opp konferanse-reflektorer på høgskoler og universiteter. Støttesenteret skal også sette opp reflektorer for kringkasting av spesielle konferanser og begivenheter. Trafikken skal forsøksvis tilpasses annen MBONE trafikk for å konservere båndbredde. På lengere sikt er det ønskelig at all audio/video trafikk mellom reflektorer sendes med IP multicast.

Det er også laget en dokumentserver som inneholder relevant informasjon om multimedia applikasjoner. Dokumenter fra serveren kan bestilles i papirform fra støttesenteret.

Hvor får man vite mer?

Støttesenterets websider finner man via det nasjonale støttesenteret på

<URL:<http://sauce.mmlab.uninett.no:80/mice-nsc/>>
eller direkte på <URL: <http://www.hiof.no/smm/>>

som inneholder opplysninger om programvare og brukerdokumentasjon. Endel programvare er også tilgjengelig på serveren. Det finnes en mailingliste for PC-basert sanntids-multimedia. Adressen er: <smm@hiof.no>. Opplysninger om hvordan melde seg på fås ved å sende en mail til <majordomo@hiof.no> med en "help" i selve tekstfeltet. Mailinglisten er ment som et diskusjons og kunnskapsforum for sanntidsmultimedia.

Direktehenvendelser til støttesenteret kan gjøres på

e-post: smm-info@hiof.no

tlf 69 18 54 00, fax 69 18 54 85

eller til adressen

Støttesenteret for sanntidsmultimedia
Høgskolen i Østfold, N-1757 Halden.

Folkeskikk og lover

At logum skal land byggja, en eigi at úlogum eyda

Det er på sin plass å dra fram sitatet *med lov skal Internet byggjast og ikkje med ulov øydest*, som ei påminning om at gamal kunnskap om menneske ikkje alltid er forelda, men tvert imot kan vera ei svært nyttig rettesnor.

På Internet omgjev vi oss med det siste av det siste i teknisk utstyr og programvare, vi oppgraderer og byggjer ut. Det som er nytt i dag blir gamalt i morgon.

Lat oss ikkje gløyma lovar og reglar og folkeskikk! Ikkje fordi vi skal regulera, sensurera, kontrollera og dirigera, men fordi Internet er sett saman av menneske, og desse menneska har krav på respekt og vern mot overgrep.

Folkeskikk

God gamaldags folkeskikk er eit godt tips til alle som har med andre menneske å gjera. Og hugs, når du bruker nettjenester, har du som regel med andre menneske å gjera.

Det aller beste utgangspunktet for folkeskikk er vett og forstand i samspel med respekt for andre menneske, men dersom ein ikkje har dette, bør ein i det minste halda seg til lover og reglar.

Gå ut frå at ein ting du publiserer kan ha evig liv og ver merksam på at alt du seier kan (og vil) bli brukt mot deg. Skriv aldri noko du ville skamma deg over at bestemor di las. E-postmeldingar er som regel private, men du kan risikera å bli sitert (stol ikkje på at alle andre har folkeskikk).

Etiske reglar og akseptabel bruk

UNINETT har eitt sett etiske reglar som alle brukarar skal oppføra seg i samsvar med. Dei etiske reglane finn du på [URL:http://www.uninett.no/dokumenter/unot/unot-94-007.html](http://www.uninett.no/dokumenter/unot/unot-94-007.html). Alle medlemsinstitusjonar skal overhalda dei reglar for bruk av nettverk som er sett opp i UNINETT akseptabel bruk, [URL:http://www.uninett.no/dokumenter/unot/unot-94-006.html](http://www.uninett.no/dokumenter/unot/unot-94-006.html). Medlem i UNINETT har forpilkta seg til at alle brukarar fyl desse reglane.

Lover

Enkelte trur at på Internet gjeld ingen lover. Andre let alle hemningar flyga fordi dei ikkje ser menneska auge til auge, men trur dei kommuniserer med ei datamaskin utan kjensler.

Rett nok er det i samband med bruk av internasjonale datanett mange uløyste spørsmål når det gjeld samsvar mellom nasjonale lover, men det er ingen tvil om at norske lover gjeld for den norske delen av Internet. Av spesielt relevante lover kan eg nemna

- Åndsverkslova: Dei vanlege rettane ein opphavsmann har med heimel i åndsverkslova gjeld også på Internet. Dette bør ein vera merksam på, både når ein sjølv publiserer og når ein siterer eller kopierer verk av andre.
- Personvernlova: Norge har eit strengt personvern, ver merksam på reglar som gjeld for personopplysningar
- Straffelova: Kriminelle handlingar er kriminelle også på Internet.

UNINETT kundesenter for ISDN

UNINETT kundesenter er operativt og handterer

- ISDN-tilknytning
- tilleggstenester

Tilleggstenester omfattar mellom anna

Oppringt Internet

Webtenar for institusjonar utan fast linje

ftptenar for institusjonar utan fast linje

Eigne news-grupper for intern distribusjon

Distribusjonslister (for institusjonar utan eigen posttenar)

Postkasse for oppringt/ISDN-tilknytning, for institusjonar som ikkje har eige postkontor

Sal av *Internett*, UNINETT's håndbok for PC brukere

UNINETT kundesenter finn du på

<URL:http://www.uninett.no/uks/>

telefon 73 53 29 93, telefaks 73 89 63 82

Namnepolitikk for Norge

Revidert namnepolitikk for Norge (tildeling av domenenamn under .no) finn du på [URL:http://www.uninett.no/dokumenter/unot/unot-95-004.html](http://www.uninett.no/dokumenter/unot/unot-95-004.html).

Nytt søknadsskjema med rettleiing er lagt ut på [URL:http://www.uninett.no/dokumenter/unot/unot-95-004.html](http://www.uninett.no/dokumenter/unot/unot-95-004.html).

Støttesenter for sanntids multimedia

På side 6 finner du artikkelen om multimedia støttesenter for PC/Mac, dersom du bruker UNIX (her er dei fleste ikkje-kommersielle produkta for multimedia) finner du det nasjonale støttesenteret for sanntids multimedia på [URL:http://sauce.mmlab.uninett.no:80/mice-nsc/](http://sauce.mmlab.uninett.no:80/mice-nsc/)

Brukarstøtte

Dersom ein brukar vil ha informasjon må brukaren sjølv henta denne frå UNINETTINFO eller andre kjelder på Internet.

UNINETT driv ikkje brukarstøtte for enkeltbrukarar (med 150.000-250.000 brukarar er kapasiteten ikkje stor nok;) unntaket er oppringt Internet. Dersom ein brukar treng hjelp skal brukaren kontakta sin lokale IT-ansvarlege. Lokal IT-ansvarleg skal kontakta UNINETT regionale senter dersom IT-ansvarleg treng hjelp frå UNINETT.

For oppringt Internet gjeld spesielle reglar, for ISDN skal lokal IT-ansvarleg ta kontakt med UNINETT kundesenter og ikkje dei regionale sentra.